

<b>Utvalg:</b>	<b>Forskningsutvalget</b>	<b>Dato: 28.08.2024</b>
<b>FU-sak: 31/24</b>		<b>Arkivsaknr.:</b>

---

## **Forskningsrådet - evaluering av naturvitenskap og biovitenskap**

---

### **Bakgrunn**

Forskningsrådet gjennomfører jamnleg evalueringar av breie fagfelt. Evalueringane skal vere eit viktig verktøy for kvalitetsutvikling i fagmiljøa. Til grunn for evalueringane ligg eit [nasjonalt rammeverk](#) foreslått av eit regjeringsoppnemnd utval i 2021. Evalueringane skal vurdere fagfelta i eit internasjonalt perspektiv, vurdere status for forskingsområda på den enkelte institusjon og gje råd om oppfølging på nasjonalt og lokalt nivå. I 2024 ferdigstillast fire fagevalueringar: naturvitenskap, biovitenskap, medisin og helse, og matematikk, IKT og teknologi. Evalueringar av biovitenskap og naturvitenskap vart publisert i mars og april.

### **Naturvitenskap (EVALNAT)**

Fagevaluering av naturvitenskap omfatta kjemi, fysikk og geofag, og vart lansert 5. april. Den nasjonale rapporten er tilgjengeleg på [Forskningsrådet sine nettsider](#).

[Evalueringsrapporten](#) som er utarbeidd av ein internasjonal komité av vitenskaplege ekspertar, gir ei evaluering på nasjonalt nivå av naturvitenskapleg forskning i Noreg og kjem med tilrådingar for faga si framtidige utvikling. I denne evalueringa er naturvitenskap definert som kjemi, fysikk og geofag. Ho byggjer på panelevalueringar av 115 forskargrupper, og evaluering av tilhøyrande 28 administrative einingar ved universitet/høgskular og forskingsinstitutt. Dei aktuelle naturfaga har vore viktige og mogleggjort mykje av Noregs industrielle utvikling og underbyggjer måten Noreg handterer utfordringar som klimaendringar, det grønne skiftet og strategiske materiale, ifølgje evalueringa. Evaluatørane meiner naturfaga gir enorme industrielle og vitenskaplege moglegheiter, dersom forskingssystemet har ein fleksibilitet til å kunne takle nye utfordringar.

Den nasjonale rapporten framhevar geovitenskapane som samla sett svært sterke internasjonalt, og byggjer på svært gode norske vitenskaplege tradisjonar. Fysikk og kjemi har gode fagmiljø, men færre fagmiljø er synleg internasjonalt.

Forbetring på tvers av naturvitenskapane krev investeringar i sterke og veksande fagområde av høg kvalitet og veloverveide avgjerder om kvar ein skal konsolidere seg utan å setje kjernekompetansen i fare. Det er behov for ein omfattande systemtilnærming til strategi og finansiering, spesielt innanfor enkelte disiplinær. Barrierar for endring, spesielt ved universiteta, inkluderer rigide styrings- og budsjetteringsmekanismer, og det er eit behov for å utvikle meir robuste forskings- og organisasjonsstrategiar, betre utnytting av menneskelege ressursar, og insentiv for endringar.

Medan naturvitenskapane i hovudsak er godt finansierte og det er eit godt nivå på institusjonell finansiering ved universiteta, er mange organisasjonar sterkt avhengige av eksterne forskingsmidlar. Nylege finansieringskutt ser ut til å ha undergrave forskarane si tillit, og har

skapt eit hinder for langsiktig planlegging. Låg suksessrate i finansieringa av forskarinitierte prosjekt skapar også usikkerheit.

### **Biovitskap (EVALBIOT)**

EVALBIOT vart lansert 14. mars, og omfattar 22 forskingsadministrative einingar og 97 forskargrupper. Den nasjonale rapporten er tilgjengeleg på [Forskringsrådet sine nettsider](#), der finn ein også evalueringane av dei enkelte administrative einingar

Den nasjonale rapporten trekk fram tre hovudområde for norsk biovitskap:

- Fiskeri og akvakultur, der norsk forskning er verdslende,
- Økologi
- Mat og andre anvendingar

Forskargruppene vart vurdert etter tre kriterie: organisasjon, kvalitet og samfunnspåverknad (impact). Generelt scora universiteta høgare på kvalitet, medan instituttsektoren scora høgare på samfunnspåverknad.

På nasjonalt nivå var særleg god basisfinansiering og god infrastruktur trukke fram som styrkar ved fagområdet. Langsiktig finansiering av forskingsinfrastruktur, fråvere av strategi og aldrande forskarstab vart trukke fram som svakheter.

Ved UiB var [Institutt for biovitskap](#) , [Computational Biology Unit](#) (CBU) og [universitetsmuseet](#) omfatta. I den nasjonale rapporten vart universitetsmuseet sine samlingar og arbeid med DNA barcoding trukke fram i oversikta over særleg betydningsfulle impact cases. CBU vart trukke fram som eit av få døme på institusjonelle ordningar for verdfullt tverrfagleg samarbeid, og oppnådde ein svært positiv evaluering. Den tilknytta forskingsinfrastrukturen Elixir vart trukke fram som ein særleg viktig ressurs for forskning og internasjonalt samarbeid under COVID-19-pandemien.

Evalueringa gjev åtte anbefalingar for fagfeltet nasjonalt, sitert frå den nasjonale rapporten:

- Sørge for at alle administrative enheter har en strategi samt se på behovet for å koordinere strategiene på nasjonalt nivå.
- Skape retning, økt fokus og kritisk masse for å oppnå høy vitenskapelig kvalitet på biovitenskapelig forskning i UH og i instituttsektoren.
- Utvikle insentiver slik at basisfinansiering benyttes til økt innvilgelse på den internasjonale konkurransearenaen.
- Utvikle insentiver og programmer for å fremme samarbeid, nasjonalt og internasjonalt.
- Videreføre støtte til og optimalisere bruk nasjonal forskningsinfrastruktur .
- Utvikle insentiver og programmer for økt bruk av vitenskapelige resultater og øke økonomisk og samfunnsmessig påvirkning.
- Etablere tiltak for en sterkere talentpipeline som kombinerer norsk utdanning og internasjonal ansettelse.

- Opprettelse av vitenskapelige råd for ekstern gjennomgang, råd og bistand med å utvikle strategier.

Saka leggest fram for Forskingsutvalet til orientering.

29.08.2024: mindre endring